



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Ida Loftesnes Kvåle, 5764 3155

Oversending til Alver kommune som rette instans - Alver kommune - gbnr. 11/60 og 11/6 og 38 - septiktank med utslepp

Statsforvaltaren i Vestland fekk den 06.12.2022 oversendt klage på byggesakshandsaminga i Alver kommune frå Nils Bjerkeng, heimelshavar på eigedomen gbnr. 11/60 i Alver kommune.

Klaga gjeld etablering av septiktank med utslepp i fjorden på eigedomen gbnr. 11/6 og 38, der Asle Henriksbø er heimelshavar. Etter det vi kan sjå gjeld dette sak 22/2299¹ og 22/2310² i Alver kommune, i brevet er det vist til sak 414/22 (vi kan ikkje finne dette). Etter det vi kan sjå er det gitt løyve etter ureiningslova og plan- og bygningslova.

Nils Bjerkeng viser i oversendinga til at han har inngitt nabomerknad til at kloakkleidninga skulle leggest over svaberget og rett i sjøen ved hans eigedom. Etter samtale med nabo, fekk han inntrykk av at dette ikkje lengre var planen. Først når arbeidet vart sett i gong, fekk han vite at leidningen likevel skulle ligge tett på eigedomen hans. Nils Bjerkeng har vore i kontakt med kommunen v/sakshandsamar Roger Fanevoll Fjellsbø om dette tidlegare.

Statsforvaltaren i Vestland kjenner ikkje til saka ut over dette, våre søk i Alver kommune sine byggesaker og skrivet vi har motteke den 06.12.2022.

Vi viser for ordens skuld til at Statsforvaltaren er delegert mynde til å avgjere klagar som gjeld enkeltvedtak etter plan- og bygningslova, sjå plan- og bygningslova § 1-9 femte ledd og rundskriv T-2/09 frå Kommunal- og distriktsdepartementet.

Vi skal som klageinstans sjå til at kommunen har følgd dei lover, føreskrifter og sakshandsamingsreglar som gjeld på området. Vidare er vår rolle å rettleie generelt om regelverk etter plan- og bygningslova, jf. forvaltningslova § 11. Spørsmål som gjeld konkrete saker som er til handsaming i kommunen, tek vi ikkje stilling til før vi eventuelt får saka inn til klagehandsaming. Vi kan ikkje på eit generelt grunnlag ta stilling til sakshandsaminga i ein kommune.

¹ [Arkivsak 22/2299 - Utslepp GBNR 11/6 Hølleland - utsleppsløyve \(sing.no\)](#)

² [Arkivsak 22/2310 - Byggesak GBNR 11/6 Hølleland - etablere slamavskiller \(sing.no\)](#)



Vi viser for ordens skuld til at når kommunen gjer eit enkeltvedtak, vil «*part eller annen med rettslig klageinteresse i saken*» kunne klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28 første ledd, jf. § 2 bokstav e, jf. juridisk teori og rettspraksis. Når klaga må vere innkomen følgjer av forvaltningslova § 29, jf. § 31. Ei klage skal sendast til det forvaltningsorganet som har gjort vedtaket. Dersom vedtaket ikkje vert endra, skal klaga sendast vidare til overordna klageinstans for ei endeleg klagehandsaming.

På bakgrunn av vurderingane over, vidaresender vi klaga til Alver kommune som rette instans, jf. forvaltningslova § 11 fjerde ledd. Sjå vedlagt oversending til oss, datert 06.12.2022. Ut frå informasjonen i dei oversende dokumenta, legg vi til grunn at dette er ei kjent sak for kommunen, og at kommunen vil følgje opp. Alver kommune er også godt kjent med Statsforvaltaren i Vestland si rolle i saker etter plan- og bygningslova.

Vi avsluttar med dette saka hjå oss, utan vidare oppfølging. Dette er ei prosessleiarde avgjerd, og kan difor ikkje klagast på.

Med helsing

Jorunn Fosse Fidjestøl
seniorrådgjevar

Ida Loftesnes Kvåle
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Klage - byggesak - Alver - 414/22 - avløpsledning til sjø

Kopi til:

Nils Bersvend Bjerkeng

Hjellestadvegen 122 H

5258

BLOMSTERDALEN